

**Til faste medlemmer av kontrollutvalet i Osterøy kommune**

Kopi: Varamedlem, ordfører, rådmann, økonomisjef, postmottak, Nordhordland Revisjon IKS

24.08.2020

**Innkalling til møte i kontrollutvalet i Osterøy kommune****Møtedato:** 31.08.2020, kl. 12:00 – ca. 15:00**Møtestad:** Heradsstyresalen, kommunehuset

Møtet vert halde som eit vanleg møte, men minner om at alle må følgje gjeldande tilrådingar for begrensing av smittespreiing, særleg mtp. avstand og handhygiene. Gje ein tilbakemelding dersom det likevel er behov for å vere med gjennom Microsoft Teams. Det vert ingen matserving i møtet.

Forfall må meldast til kontrollutvalssekretær på e-post: [tonje@nordhordland.net](mailto:tonje@nordhordland.net) eller tlf.: 92858413.


**Sakliste:**

Saksnr.	Tittel	Vedlegg
36/20	Godkjenning av innkalling og sakliste	
37/20	Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte	1
38/20	Skriv og meldingar	
39/20	Aktuelt i Osterøy kommune	2
40/20	Årsmelding og rekneskap Osterøy kommune 2019	3
41/20	Orientering om oppfølging av Robek-innmelding	
42/20	Orientering om forenkla etterlevingskontroll	
43/20	ROV – Drøftingsrunde og innspel til vesentleganalysar	4
44/20	Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval	
45/20	Eventuelt	

Meir informasjon om politisk møteplan og protokollar finn du på kommunen sine heimesider og i innsynsløysinga: <http://innsyn.sing.no/osteroy/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>.

Med vennleg helsing

Kato Melchersen  
*Leiar i kontrollutvalet*Tonje Husum Aarland  
*Kontrollutvalssekretær*



## Osterøy kontrollutval

### Saksframlegg til møte 31.08.2020

---

#### 36/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Saksopplysingar:**

Innkalling og sakliste til møte vert lagt fram til godkjenning.

**Framlegg til vedtak:**

*Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 31. august 2020 er godkjent.*

#### 37/20 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte

**Saksvedlegg:**

Møteprotokoll frå møtet 08.06.2020 (vedlegg 1)

**Saksopplysingar:**

Møteprotokollen frå førre møtet i kontrollutvalet 08.06.2020 vert lagt fram til godkjenning.

**Framlegg til vedtak:**

*Møteprotokoll frå møtet 8. juni 2020 er godkjent slik den ligg føre.*


#### 38/20 Skriv og meldingar

**Saksopplysingar:**

Ingen skriv og meldingar til møtet.

**Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*



## 39/20 Aktuelt i Osterøy kommune

### Saksvedlegg:

Vert delt ut i møtet.

### Saksopplysingar:

Kontrollutvalet har stilt spørsmål angående Håvratunet, og vil få ein tilbakemelding til dette møtet.

Rådmann vil også gje ei orientering om status for Telemarksforsking sitt arbeid i Osterøy kommune.

### Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*

## 40/20 Årsmelding og rekneskap Osterøy kommune 2019

### Saksvedlegg:


Revisjonsmelding og revisjonsrapport nr. 18, Nordhordland Revisjon IKS  
Årsmelding og årsrekneskap 2019, Osterøy kommune

### Saksopplysingar:

Kontrollutvalet skal etter kommunelova § 23-2 a) sjå til at kommunen sitt rekneskap vert revidert på ein betryggande måte. Revisor sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon vert omtala nærare i kommunelova kapittel 24, og seier mellom anna at revisor skal vurdere om årsrekneskapet er avlagt i samsvar med lov og forskrift.

Etter forskrift om kontrollutvalg og revisjon, skal kontrollutvalet uttale seg til kommunestyret om årsrekneskapen og årsmeldinga før formannskapet innstiller til vedtak. Kontrollutvalet skal vidare påsjå at dei punkta rekneskapsrevisor peikar på vert retta eller følgt opp, jf. § 3.

Osterøy kommune er medeigar av Nordhordland Revisjon IKS som har revidert og levert revisjonsmelding og revisjonsrapport for 2019.



Framlegg til uttale vert sendt frå sekretariatet til kontrollutvalet for intern gjennomgang. Den vedtekne uttalen vil komme fram av endeleg vedtak i kontrollutvalet og ettersendes til formannskapet og kommunestyret. Administrasjonen vil i møtet legge fram årsrekneskapen og årsmeldinga for 2019 og revisjonen gjennomgår sine merknader frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten.

Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet vedtek framlegg til innstilling.*

#### **41/20 Orientering om oppfølging av Robek-innmelding**

**Saksopplysingar:**

Osterøy kommune er innmeldt i Robek med verknad frå 9. mars 2020, jf. vedtak om innmelding i brev frå Fylkesmannen (18.03.2020). Osterøy heradsstyre må vedta ein tiltaksplan som skal sikre at økonomien kjem i balanse og at alt meirforbruk vert indekka.

Rådmann Ingvild Hjelmtveit orientere nærare om innmeldinga i Robek i møtet 4. mai og 8. juni, og vil i møtet orientere nærare om arbeidet med tiltaksplanen.

Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*

#### **42/20 Orientering om forenkla etterlevingskontroll**


**Saksopplysingar:**

Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga er eit av dei nye lovkrava i kommunelova, jf. § 24-9.

Nordhordland Revisjon IKS vil i saka orientere nærare om kontrollen.

Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*



## 43/20 ROV - Risikodrøfting og innspel til vesentleganalyse

### Saksvedlegg:

Refleksjonsnotat med vurderingsskjema, NHR/NUI

### Saksopplysingar:

Kontrollutvalet skal seinast innan utgangen av året utarbeide ein plan som viser på kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjoner. Planen skal baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd, samt kommunen sine eigarskap, jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4 om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Føremålet med risiko- og vesentlegvurdering er å identifisere aktuelle områder for forvaltningsrevisjon og for eigarskapskontroll.

I møtet vil ein legge opp til gjennomgang og drøfting av risiko og innspel til vesentleganalysen.

### Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*

## 44/20 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

### Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen.

Innkallingar og møteprotokollar frå politiske utval kan ein finne her:


<http://innsyn.sing.no/osteroy/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

### Framlegg til vedtak:

*Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.*

## 45/20 Eventuelt

*Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.*



## Osterøy kontrollutval

### Møteprotokoll

Møtedato: 08.06.2020, kl. 12.00 – 16.00  
Stad: Heradsstyresalen, Kommunehuset  
Tilstade: Kato Melchersen (leiar), Margrethe Riple Ådland (nestleiar),  
Ann Christin Reigstad (medlem), Ole Johannes Mjøs (medlem)  
og Jon Daltveit (medlem)  
Forfall:  
Innkalla: Rådmann Ingvild Hjelmtveit (t.o.m. sak 31/20) og økonomisjef Øyvind  
Johannesen (t.o.m. 28/20)  
Frå revisjonen: Janne Eraker, Revisjonssjef, Nordhordland Revisjon IKS (via Teams)  
Sekretær: Tonje Husum Aarland, Nordhordland Utviklingselskap IKS

---

#### 24/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Saksopplysingar:**

Innkalling og sakliste til møte vert lagt fram til godkjenning.

**Framlegg til vedtak:**


*Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 8. juni 2020 er godkjent.*

**Behandling i møte:**

Innkalling og sakspapir til kontrollutvalsmøtet er ikkje lagt ut på heimesida til kommunen i forkant av dette møtet, slik dei skal. Rådmann vil følgje dette opp til neste møte.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.



## 25/20 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte

### Saksvedlegg:

Møteprotokoll frå møtet 04.05.2020 (vedlegg 1)

### Saksopplysingar:

Møteprotokollen frå førre møtet i kontrollutvalet 04.05.2020 vert lagt fram til godkjenning.

### Framlegg til vedtak:

*Møteprotokoll frå møtet 04.05.2020 er godkjent slik den ligg føre.*

### Behandling i møte:

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokoll frå førre møte.

## 26/20 Skriv og meldingar

a. Tilsynsrapport frå Fylkesmannen i Vestland: tilsyn med kommunal beredskapsplikt 11.12.2019 (vedlegg 2)

### Saksopplysingar:

Fylkesmannen gjennomførte 01.11. - 10.12.2019 dokumenttilsyn med beredskapsplanen til Osterøy kommune, jf. § 15 i sivilbeskyttelseslova og §§ 4 og 6 i forskrift om kommunal beredskapsplikt. Det var to merknader til forbetringpunkt for kommunen som gjekk på krisekommunikasjon og opplæring.

### Framlegg til vedtak:


*Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.*

### Behandling i møte:

Rådmann kommenterte tilsynet som vart gjort og lukkinga av dei merknadene som vart peika på i tilsynsrapporten.

### Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.



## 27/20 Orientering om status årsrekneskapen 2019

### **Saksopplysingar:**

Midlertidig lov om unntak frå kommuneloven, IKS-loven og partiloven (Covid-19-tiltak), gjev mellom anna utvida fristar for rekneskapsrevisor og vedtak om årsrekneskapen og årsmelding, og gjev revisor moglegheit til å levere revisjonsmelding fram t.o.m. 15. juni, jf. § 5. Heradsstyret må vedta årsrekneskapa og årsmeldingane for 2019 seinast innan 15. september.

Kontrollutvalet har fått status om rekneskapen for 2019 på tidlegare møter, og rådmann vil gje ein ny statusoppdatering til dette møtet.

### **Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*

### **Behandling i møte:**

Rådmann og økonomisjef orienterte om status for årsrekneskapen og avklaringar som gjenstår, mellom anna bruken av disposisjonsfond.

Kontrollutvalet stilte spørsmål om system og rutiner på økonomiområde for å sikre at årsavslutningen vert avslutta innan tidsfristane. Det vart orientert om pågåande arbeid om å betre rutiner og om ressursbehovet.

### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering. Kontrollutvalet ber om løpande orientering om utbetningsarbeidet med prosedyrer og rutiner på økonomiområde, og om tiltak for levering av årsrekneskapen og årsmeldinga innan dei lovpålagte tidsfristane.


## 28/20 Orientering om oppfølging av Robek-innmelding

### **Saksopplysingar:**

Osterøy kommune er innmeldt i Robek med verknad frå 9. mars 2020, jf. vedtak om innmelding i brev frå Fylkesmannen (18.03.2020). Osterøy heradsstyre må vedta ein tiltaksplan som skal sikre at økonomien kjem i balanse og at alt meirforbruk vert indekka. Tiltaksplanen må seinast vedtakast innan 30. juni 2020.

Rådmann Ingvild Hjelmtveit orientere nærare om innmeldinga i Robek i møtet 4. mai.





Kontrollutvalet vil få ei statusorientering om oppfølginga av dette og om analysearbeidet som vert gjort for å redusere driftsutgiftene.

**Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*

**Behandling i møte:**

Rådmann orienterte om oppfølginga i etterkant av Robek-innmeldinga. Tiltaksplanen er ikkje klar innan tidsfristen grunna unntakssituasjonen med korona.

Telemarksforskning er engasjert for å gjere eit analysearbeid om innsparingsmoglegheiter i kommunen, og rådmann orienterte vidare om noko av dei utfordringane ein ser allereie no. Mellom anna har kommunen utfordring med å utnytte kapasiteten som ligg under ulike område og sektorar, som t.d. helse- og omsorg. Ein ser samtidig at utgifter til ressurskrevjande tenester aukar og det er ei utfordring å etablere gode strukturer som gjev innsparingseffekt no og over tid.

Det vart orientert kort om tal i tertialrapporten, som inndecking av utgifter til mellom anna kostnadene med korona. Prognosen viser eit større meirforbruk enn budsjettet, i stor grad grunna korona-kostnadene, samt auke i utgiftspostane til ressurskrevjande tenester. Det vart vidare orientert kort om sjukefråvær og kostnadene kring dette, samt prognosen for skatterammene, bruk av disposisjonsfond, investeringsprosjekt i 2020 og lån og rentenivå.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.


## **29/20 Orientering om oppfølging av klagen til KOFA**

**Saksopplysingar:**

Kontrollutvalet fekk i sak 43/18 og 20/19 orientering om at kommunen var innklaga til KOFA (Klagenemnda for offentlige anskaffelser) etter utlysing av anbod vedkomande «Familiens hus». Kommunen vart innklaga i desember 2018 (sak 2018/521), og Klagenemnda tok endeleg avgjersle 11. mai 2020 der dei konkluderte med at Osterøy kommune ikkje har brutt regelverket for offentlege anskaffingar.

Frå samandraget til KOFA:

*«Innklagede gjennomførte en åpen anbudskonkurranse for anskaffelse av totalentreprise for «total renovering/nybygg for et nytt Familiens hus». Klager anførte*



at innklagede hadde gjennomført en ulovlig direkte anskaffelse ved å gjøre vesentlige endringer i konkurransegrunnlaget. Klagenemnda fant at konkurransegrunnlaget ble endret da det ble åpnet for å levere tilbud på oppføring av et helt nytt bygg. Nemnda fant imidlertid ikke grunnlag for å konstatere at endringen hadde påvirket deltakerinteressen. Klagers anførsel om ulovlig direkte anskaffelse, førte derfor ikke frem.» (<https://www.klagenemndssekretariatet.no/sak/2018-521>)

Rådmann vil i møtet gje ei kort orientering om dette.

**Framlegg til vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**Behandling i møte:**

Rådmann orienterte i møtet om oppfølginga av klaga til KOFA og den endelege avgjerla. Anbudskonkurranser er kompliserte og det er behov for spesialisert kunnskap for å følge opp anskaffingar og større prosjekt i kommunen.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

### **30/20 Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll – status for pågåande prosjekt**

**Saksvedlegg:**


HS vedtak 032/16 og 064/16

**Saksopplysingar:**

Kontrollutvalet har hatt løpande oppfølging av planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for perioden 2016 – 2020. Det er gjennomført 2 forvaltningsrevisjonar mellom 2017 – 2019, og det føreligg prosjektplanar for eit forvaltningsrevisjonsprosjekt og ein eigarskapskontroll.

Under er ein oversikt over planane med merknad om status:

Prosjekt	2016	2017	2018	2019	2020	Merkn
Barnevern – ressursbruk, sakshandsaming, oppfølging og handsaming		X	X			Heradsstyrevedtak Sak 017/2018 Oppfølging KU Des, 2018



Vedtaksoppfølging – har kommunen system som sikrar at vedtak vert følgde opp?			X	X		Ferdig februar 2019 – KU handsaming sak 06/19, i møtet 20.02.19
<i>Forvaltningsrevisjon: Tenestetilbodet til barn og unge med særskilte behov</i>					X	Prosjektplan godkjent 05.09.19 – planlagd ferdig haust 2020*
<i>Eigarskapskontroll: Osterøy Utvikling</i>				X	X	Prosjektplan godkjent 13.06.19 – planlagd ferdig vår 2020*
<i>KOSTRA – kvalitet på rapporteringa frå kommunen</i>						<i>Ikkje prioritert etter møte des. 2018</i>
<i>Miljøplanlegging i kommunen</i>						<i>Ikkje prioritert etter møte des 2018</i>

Grunna unntakssituasjonen med Covid-19 er rapporten frå eigarskapskontrollen med Osterøy utvikling utsett til neste møte i kontrollutvalet. Det vil i dette møtet vere ein gjennomgang av planane og status for prosjekta.

**Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet tek saka til orientering.*

**Behandling i møte:**

Revisjonssjef Janne Eraker orienterte om pågåande prosjekt og status. Eigarskapskontrollen med Osterøy Utvikling er utsett til neste møte i kontrollutvalet, og forvaltningsrevisjonsprosjektet Tenestetilbodet til barn og unge med særskilte behov har planlagt oppstart i løpet av hausten 2020 og kan leggast fram for kontrollutvalet tidleg i 2021.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.


## **31/20 Prosjektplan for risiko- og vesentlegvurdering**

**Saksvedlegg:**

Prosjektplan for risiko- og vesentlegvurdering, NHR/NUI

**Saksopplysingar:**

Kontrollutvalet skal seinast innan utgangen av året utarbeide ein plan som viser på kva områder det skal gjennomførast forvaltningsrevisjoner. Planen skal baserast på



ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd, samt kommunen sine eigarskap, jf. kommunelova §§ 23-3 og 23-4 om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Vedlagt er prosjektplan for arbeidet med risiko- og vesentlegvurdering, etter bestilling frå kontrollutvalet i sak 05/20. Prosjektplanen er utarbeida av kontrollutvalssekretariatet saman med Nordhordland Revisjon IKS (NHR).

Føremålet med risiko- og vesentlegvurdering er å identifisere aktuelle områder for forvaltningsrevisjon og for eigarskapskontroll. Det vert lagt opp til ein involverande prosess som inkluderer politisk og administrativt nivå, i tillegg til drøftingane i og innspela frå kontrollutvalet. Tidslinja vert tilpassa oppdatert møteplan for kontrollutvalet.

**Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen slik den ligg føre.*

**Behandling i møte:**

Kontrollutvalssekretariatet orienterte om prosjektplanen for risiko- og vesentlegvurdering, og datainnsamlinga som fører fram til analysedokumentet.

På neste møtet i kontrollutvalet vert det lagt opp til ei drøftingssak der kontrollutvalet gjennomgår og drøfter risikoområder i kommunen.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen slik den ligg føre.


## **32/20 Medlemsskap i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)**

**Saksvedlegg:**

Invitasjon til medlemsskap i FKT, vedtekter for FKT og infobrosjyre om FKT

**Saksopplysingar:**

Osterøy kontrollutval har fått invitasjon til å bli medlem i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT). FKT er ein bransjeuavhengig organisasjon der kontrollutvala er direkte representert, og har som formål å vere ein møte- og kompetanseplass for menneske som arbeider med kontroll og tilsynsfunksjon i kommunar, Sametinget og



fylkeskommunar. Styret i FKT er samansett med lik fordeling av politiske kontrollutvalsrepresentantar og sekretariat.

Osterøy kommune faller innunder årleg kontigentsats for kommunar med mellom 5 001 – 10 000 innbyggjarar, som for 2020 er kr 7 000.

Framlegg til vedtak:

*Ingen framlegg til vedtak.*

Behandling i møte:

Kontrollutvalet drøfta medlemskap i Forum for Kontroll og Tilsyn.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet melder seg ikkje inn i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT).

### 33/20 Møteplan 2020

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vil få framlagt forslag til oppdatert møteplan med eit ekstra møte 31. august (for handsaming av rekneskapen 2019), samt forslag til nye møtedatoar for hausten 2020.

Framlegg til vedtak:


*Kontrollutvalet vedtek oppdatert møteplan med møtedatoane.*

Behandling i møte:

Kontrollutvalet drøfta møteplanen og aktuelle saker på møtene i haust.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek oppdatert møteplan med møtedatoene: 31. august, 13. oktober og 16. november.



### 34/20 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

#### **Saksopplysingar:**

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen.

Innkallingar og møteprotokollar frå politiske utval kan ein finne her:

<http://innsyn.sing.no/osteroy/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>

#### **Framlegg til vedtak:**

*Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.*

#### **Behandling i møte:**

Kontrollutvalet drøfta møteprotokollar frå politiske utval.

Det er ikkje sendt ut skriftleg svar på spørsmålet som vart teke opp i sak 22/20 om Havråtunet, og kontrollutvalet ber om å få ei tilbakemelding til neste møte.

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.

### 35/20 Eventuelt


#### **Behandling i møte:**

1. Kontrollutvalet mottok ei henvending på e-post datert 7. juni med førespurnad om gransking av ei enkeltsak. Kontrollutvalet minner om at utvalet ikkje er eit klageorgan og ikkje har mandat til å gjere endringar i enkeltsaker. Kontrollutvalet ønskjer ikkje å gå inn i saka, men vil ta med innspela inn i dei overordna risiko- og vesenlegvurderingane som er under arbeid.

2. Det vart i møtet peika på ei pågåande sak om kommunen sin handtering av krav om betaling kring skredsikringstiltak.

#### **Samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet ønskjer ikkje å gå inn i enkeltsaka, men vil ta med innspela inn i dei overordna risiko- og vesentlegvurderingane.



**Neste møte:** 31. august 2020.

Osterøy, 08.06.2020

Kato Melchersen  
*Leiar i kontrollutvalet*

Tonje Husum Aarland  
*Kontrollutvalssekretær*

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Til heradstyret i Osterøy kommune

Kopi:  
Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Kommunedirektøren

## MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

### Uttale om årsrekneskapen

#### *Konklusjon med atterhald*

Vi har revidert årsrekneskapen for Osterøy kommune som viser kr 456 876 433 til fordeling drift eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 6 441 883. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2019, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, med unntak av virkning av tilhøve omtalt i avsnittet *Grunnlag for konklusjon med atterhald*, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

#### *Grunnlag for konklusjon med atterhald*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har overholdt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Atterhaldet er knytt til bankkontoar utanfor kommunerekneskapen. Etter kommunelova § 48 skal årsrekneskapen «omfatte alle økonomiske midler som disponeres for året, og anvendelsen av midlene.» Kommunen står som eigar av bankkontoar som ikkje er registrert i kommunerekneskapen. Transaksjonar på desse kontoane er ikkje ført i kommunerekneskapen og er dermed ikkje underlagt kommunen sine rutinemessige avstemmingsprosedyrar og er såleis heller ikkje omfatta av vår revisjon.

#### *Ytterlegare informasjon*

Kommunedirektøren er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i kommunens årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.



I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

### *Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen*

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide et årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av administrasjonssjefen, er rimelege.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og kommunedirektøren mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og kor tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

## Utsegn om andre lovmessige krav

### *Konklusjon om budsjett*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.

### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Isdalstø, 15.06.2020

Nordhordland Revisjon IKS



Janne Eraker

Revisjonssjef

Kopi: Ordfører  
Kommune-  
direktør  
Økonomi-  
ansvarleg

Osterøy kommune  
Kontrollutvalet

Isdalstø, 15.06.2020  
Nummerert brev nr.18

## Årsrekneskapen 2019

Vi har revidert kommunen sin årsrekneskap for 2019. Rekneskapen for 2019 skal avleggast etter reglane i tidlegare kommunelov (koml 1992). Ny kommunelov trer primært i kraft 1.1.2020, men dette medfører ikkje endringar for avlegginga av rekneskapen 2019. Vårt arbeid er utført med heimel i kommunelova § 78 og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv. som set nærare krav til revisjon av kommunen sin årsrekneskap. Forskrifta § 4 krev at planlegging, gjennomføring og rapportering av revisjon skal skje etter krava i lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk. God kommunal revisjonsskikk fylgjer mellom anna av internasjonale revisjonsstandardar (ISA). Vår hovudoppgåve er å konkludere på om årsrekneskapen er avlagt utan vesentlege feil. Revisjonshandlingane gir oss grunnlaget for denne konklusjonen. Desse handlingane er styrt av vurderingar i høve til risiko og vesentlegheit og vil mellom anna omfatte stikkprøver, analysar, fysisk inspeksjon, samtalar med leiinga og kontroll mot ulik ekstern informasjon.

I denne rapporten vil vi kommentere nokre forhold som fylgjer av vår revisjonsgjennomgang.

### 1. Interimsrevisjon

For å forsikre oss om at internkontrollen fungerer testa vi hausten 2019 følgjande kontrollar:

- attestasjon og tilvisning knytt til innkjøp (både innan drift og investering).
- variabel løn, herunder eit utval reiserekningar.

- avstemmingar knytt til bank, skattetrekk, arbeidsgjevaravgift og sjukepengerefusjonar, meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon.
- På inntektssida og brukarbetalingar kontrollerer vi fakturagrunnlag mot faktura knytt til helsesektoren.

På utgiftsområdet er det ved kvar mva-termin kontrollert utgiftsbilag i samband med attestasjon av mva-kompensasjonsoppgåver. Avvik eller manglande dokumentasjon er tatt opp med økonomikontoret ved kvar termin og korrigert. Det er i tillegg gjennomgått ulike prosjektrekneskap i samband med attestasjonar der bokførte utgifter er kontrollert.

## **2. Årsrekneskap 2019**

### *2.1 Likvidar utanfor rekneskapen*

Etter kommunelova § 48 skal årsrekneskapen «omfatte alle økonomiske midler som disponeres for året, og anvendelsen av midlene.» Under interimrevisjon tilbake i 2015 kartla vi bankkontoar og kontantkassar som tilhørde kommunen, men som ikkje var medtekne i kommunerekneskapen. Resultatet av kartlegginga vart omtalt i vårt nummererte brev nr 13, datert 23.03.2016. Pr 31.12.2015 var kommunen eigar av bankkontoar med samla innestående om lag kr 709 000 som ikkje var bokført i kommunerekneskapen. Dette har også dei seinare åra vore omtalt i revisjonsrapportar. Kommunen opplyser at det i 2019 er arbeidd med å redusere kontoar utanfor rekneskapen. Tilsendte årsoppgåver frå Haus skule og Osterøy ungdomskule viser at det per 31.12.19 framleis er minimum kr 300 000 utanfor rekneskapen.

Likvidar utanfor rekneskapen gir svakare internkontroll og medfører såleis risiko for feil. Rekneskapen oppfyller ikkje krava i kommunelova § 48 på dette punktet.

Då desse likvidane ikkje er bokført i kommunerekneskapen er dei heller ikkje omfatta av kommunen sine rutinemessige avstemmingar eller vår revisjon og vi må difor ta atterhald om dette i revisjonsmeldinga.

### *2.2 Avstemming bank og kasseteljing*

Ikkje alle bankkontoane i kommunen sin rekneskap er dokumentert og avstemt pr 31.12.19. Det føreligg heller ikkje datert og signert kasseteljing for alle kassane pr 31.12.19. Vi vil rå til

at ein tar i bruk særskilt skjema for kasseteljing og at kasseteljing blir datert og signert av to personar. Dokumentasjon av bank og kasse pr 31.12. er pliktig dokumentasjon etter bokføringslova/forskrifta.

### *2.3 Avstemming lønsområdet*

Avstemming av løn er ikkje utført fullstendig undervegs i rekneskapsåret 2019. Det medfører at det vert tidkrevjande for økonomikontoret å få avstemt lønsområdet i årsavslutninga. Det er viktig at det kjem på plass rutiner som sikrar løpande dokumenterte avstemmingar gjennom året. A-ordninga krev at det vert rapportert inn rette opplysningar om kvar tilsett den 5. i kvar månad. Månadlege lønsavstemmingar bør derfor gjennomførast for å sikre at den enkelte lønsmottakar er riktig innrapportert. Dette vart og tatt opp i rapport i 2018.

### *2.4 Økonomisk sosialhjelp*

Opplysningsplikta for sosialstønad fylgjer av likningslova § 6-3 nr 2 bokstav a og nr 3, jf. forskrift av 17. april 2008 nr. 386 om erstatningar, tilskudd, bidrag, trygder, stønader mv. Offentleg myndigheit som betaler ut erstatningar, tilskot, bidrag, trygd, stønad mm. til enkeltpersoner, er pålagt å levere likningsoppgåve med opplysning om utbetalingane. Oppgåveplikt for motteke foreldrebetaling fylgjer av likningslova § 5-9.

Vi har fått stadfesta at oppgåver er sendt, men ikkje dokumentasjon som viser at oppgåvene er avstemt mot kommunerekneskapen. Korrekte oppgåver er viktig for dei innbyggjarane dette gjeld og vi ber om at slik avstemmingsrutine blir innført for å sikre fullstendig og korrekt rapportering.

### *2.5 Fordringar*

Det er nokre fordringskontoar i balansen der det ikkje er endring eller er liten endring i saldo frå 2018, og desse fordringane skulle ha vore nedskrive. Vi har fått opplyst at desse kontoane skal ryddast/tapsførast i 2020. Tapsavsetjinga pr 31.12.19 er kr 1 400 000. Revisjonen vurderer tapsavsetjinga som noko låg, men akseptabel.

Vi rår kommunen til å gå gjennom, avstemme og rydde fordringskontoane i god tid før årsslutt 2020, for å sikre at det er reelle saldoar, evt nedskrive dei fordringane som ikkje er

reelle. Vidare er god oppfølging av utestående fordringar svært viktig framover for å sikre at ein får inn dei utestående krava kommunen har rett på.

### *2.6 Varige driftsmidlar, anleggsregister og skiljet drift/investering*

Det er avvik mellom anleggsregister og balanse på kontonivå.

Vi vil oppmode til ein gjennomgang av anleggsregisteret for å sikre at dette er i samsvar med faktiske eigedelar og at balanseført verdi er korrekt. Ikkje alle selde eigedomar i 2019 har ført til reduksjon i bokført verdi.

Vi vil også oppmode til at ein gjennomgår og vurderer levetid for dei ulike anleggsmidla og eventuelt behov for nedskriving.

Det er etter vår vurdering svakheiter i høve til å dokumentere korrekt praktisering av skiljet mellom drift og investering jf KRS 4. Særskilt gjeld dette i høve til skiljet mellom vedlikehald og påkostning og eventuelle fellesanskaffingar. Vi vil oppmode kommunen til å få på plass rutinar for å gjennomgå prosjekt på budsjetteringstidspunktet og dokumentere prosjekta opp mot vilkåra i KRS 4. Dersom det er ynskeleg kan revisjonen bistå med rettleiing i regelverk og vurderingar på dette tidspunktet i prosessen.

### *2.7 Kompensasjon av meirverdiavgift*

Det er gjort endringar i rekneskapen etter avstemming av kompensasjon av meirverdiavgift. Avstemming bør oppdaterast for å sikre at eventuelle differansar vert oppgjort og avklart.

### *2.8 Ressurskrevjande brukarar*

Revisor attesterer årleg på ei oppgåve til Helsedirektoratet relatert til ressurskrevjande brukarar. Når det gjeld utrekning og innrapportering knytt til ressurskrevjande brukarar er eit av Helsedirektoratet sine punkt i rundskriv 20/1220-2 «At det foreligger enkeltvedtak for de tjenester som er inkludert i kommunens refusjonskrav og at det er utførte timer som legges til grunn». Revisjonen rår til at vedtaka vert løpande oppdatert når det gjeld årlege timetal pr brukar. Det er viktig at timetalet i vedtaka samsvarar med kva som vert innrapportert til Helsedirektoratet kvart år.

### **3. Rekneskapsdokument**

#### *3.1 Rekneskapsoppstillingar*

Etter regnskapsforskriften § 3 nr 7 tredje avsnitt skal driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen setjast opp i samsvar med vedlegg 1 (skjema 1a) og 2 (skjema 2a) til forskrifta. Oppstillingane skal minimum vise beløp for vedkommande års rekneskap, opphavleg vedteke budsjett, regulert budsjett og sist avlagte rekneskap.

Osterøy kommune si oppstilling samsvarer ikkje med desse krava.

Vi vil rå til at ein nyttar dei obligatoriske skjema i arbeid med budsjett, budsjettendring, økonomirapportering gjennom året og rekneskapsavlegging. Ved å konsekvent nytte desse skjema vil ein etter vår vurdering betre føresetnadane for kommunestyret sin kontroll av rekneskap opp mot kommunestyret sine disponeringar og løyvingar.

#### *3.2 Noteopplysningar*

##### *3.2.1 Varige driftsmidlar*

I følge god kommunal rekneskapskikk er det krav til innhald i noteopplysning for anleggsmidlar. “For anleggsmidlar (varige driftsmidlar), herunder tomter, bør det for hver gruppe av anleggsmidlar opplyses om anskaffelseskost, tilgang og avgang, årets og samlede av- og nedskrivninger, balanseført verdi og avskrivningstid. Dersom avskrivningstiden avviker fra regnskapsforskriften § 8, bør årsakene til dette opplyses.”

Note 12 i rekneskapen bør oppdaterast for å reflektere desse krava. I 2019 er ikkje tal for kvar anleggsgruppe reflektert i noten.

##### *3.2.2 Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar*

Etter budsjett- og regnskapsforskriften § 5-11 bokstav d, skal det for marknadsbaserte finansielle omløpsmiddel opplystast om sum anskaffelseskost, balanseført verdi ved inngangen av året, årets resultatførte verdiendring og balanseført verdi ved utgangen av året. Note 21 innfrir ikkje alle desse krava og bør oppdaterast seinare år.

#### **4. Avleggjing av årsrekneskap**

Etter rekneskapsforskrifta skal rekneskapen vera avlagt seinast 15.02. og årsmeldinga 31.03. Rekneskapen og årsmeldinga var ikkje klare på desse tidspunkta. Rekneskapen vart motteke av revisjonen i mai 2020. Årsmeldinga mottok vi i juni 2020. Rekneskapen er i år som i fjor seint avlagt og generelt noko mangelfullt dokumentert og avstemt.

Vi rår til at ein ser på rutineane for neste års rekneskapsavslutning, slik at rekneskapen blir avlagt innan fristen og at den då er fullstendig med omsyn til innhald og dokumentasjon. For at det skal vere realistisk å få til dette bør ein sikre at rutinar med jamleg avstemming gjennom året kjem på plass.

#### **5. Konklusjon**

Med unntak av likvidar utanfor rekneskapen er merknadane i rapporten er ikkje vurdert som grunnlag for atterhald i revisjonsmeldinga. Dei andre kommentarane bør takast omsyn til som del av kommunen sin økonomiske internkontroll.

Med venleg helsing

Nordhordland Revisjon IKS



Janne Eraker


Revisjonssjef





# OSTERØY KOMMUNE

## Årsrekneskap 2019





## **INNHALD:**

Rekneskapsskjema 1A og 1B	3
Rekneskapsskjema 2A og 2B	5-6
Økonomisk oversyn – balanse	7-8
Økonomisk oversyn – drift	9-10
Økonomisk oversyn – investering	11
Notar til rekneskapen	12-22



<b>Regnskapsskjema 1A - drift</b>	<b>Regnskap</b>	<b>Regul. bud.</b>	<b>Oppr.bud.</b>	<b>Regn. i fjor</b>
Skatt på inntekt og formue	203 760	199 112	199 112	194 254
Ordinært rammetilskudd	244 553	241 788	241 788	240 713
Skatt på eiendom	31 858	31 045	31 045	25 490
Andre direkte eller indirekte skatter	569	600	600	655
Andre generelle statstilskudd	3 719	2 700	2 700	15 554
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>484 459</b>	<b>475 245</b>	<b>475 245</b>	<b>476 667</b>
Renteinntekter og utbytte	4 250	3 400	3 400	5 085
Gevinst fin. instrumenter (omløpsmidler)	1 031	600	600	730
Renteutg., provisjoner og andre fin.utg.	12 854	14 600	14 600	12 012
Tap fin. instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-
Avdrag på lån	20 009	21 000	21 000	18 495
Netto finansinnt./utg.	27 583	31 600	31 600	24 692
Til dekning av tid. regnsk.m. merforbruk	-	-	-	-
Til ubundne avsetninger	21 592	-	-	-
Til bundne avsetninger	-	-	-	-
Bruk av tidl. regnsk.m. mindreforbruk	21 592	-	-	-
Bruk av ubundne avsetninger	-	5 514	5 514	-
Bruk av bundne avsetninger	-	-	-	250
Netto avsetninger	-	5 514	5 514	250
Overført til investeringsregnskapet	-	-	-	-
<b>Til fordeling drift</b>	<b>456 876</b>	<b>449 159</b>	<b>449 159</b>	<b>452 225</b>
<b>Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)</b>	<b>463 318</b>	<b>449 159</b>	<b>449 159</b>	<b>433 219</b>
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>- 6 442</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>19 006</b>

### Regnskapsskjema 1B

	<b>Rekneskap</b>	<b>Justert budsjett</b>	<b>Oppr. budsjett</b>	<b>Regnskap</b>
	<b>2019</b>	<b>2019</b>		<b>2018</b>
Rådmannen og stabseksjonar	41 864	40 927	40 580	41 112
Felles IKT	6 960	5 400	5 400	6 810
Oppvekst, undervisning og kultur	205 332	198 532	194 067	189 586
Helse, omsorg og sosial	198 130	188 276	183 764	182 820
Samfunnsutvikling	38 080	39 948	39 272	34 992
Sentrale poster	-27 047	-23 924	-13 924	-22 115
<b>Sum</b>	<b>463 318</b>	<b>449 159</b>	<b>449 159</b>	<b>433 204</b>



<b>Regnskapsskjema 2A - investering</b>	<b>Regnskap</b>	<b>Budsjett</b>
Investeringer i anleggsmidler	85 991	122 250
Utlån og forskutteringer	6 294	-
Kjøp av aksjer og andeler	1 521	-
Avdrag på lån	2 557	-
Dekning av tidligere års udekket	-	-
Avsetninger	-	-
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>96 363</b>	<b>122 250</b>
Finansiert slik:	-	-
Bruk av lånemidler	75 596	122 250
Inntekter fra salg av anleggsmidler	7 606	-
Tilskudd til investeringer	-	-
Kompensasjon for merverdiavgift	7 785	-
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	5 376	-
Andre inntekter	-	-
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>96 363</b>	<b>122 250</b>
Overført fra driftsregnskapet	-	-
Bruk av tidligere års udisponert	-	-
Bruk av avsetninger	-	-
<b>Sum finansiering</b>	<b>96 363</b>	<b>122 250</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>-</b>	<b>-</b>



Skjema 2B - Investering alle tall i tusen	2019	2019	2018
	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap
<b>Kritiske prosjekt samt prosjekt som pågår</b>			
Ny barnehage Hauge	1 605	8 000	157
Valestrand skule, trafikkisikring, parkeringsplass,	874	4 000	1 015
Utviding/ny Valestrand barnehage, evt andre b.hagar	605	2 000	582
Flaumsikring Valestrand og Kringastemma inkl Laksetrapp	9 250	5 000	3 866
Investering i IKT - digitalisering / verktøy / kompetanse	2 768	4 000	3 731
<b>Kritiske prosjekt samt prosjekt som pågår</b>	<b>15 102</b>	<b>23 000</b>	<b>9 351</b>
<b>Sjølvkost</b>			
Ymse vatn og avlaup	123	1 000	
Tysse Vassverk (sjølvkost)	5 419	250	68
Fotlandsvåg - Østre Kleppe, avløp	1 363	500	
Haus vassverk	3 484	250	139
Vassleidning Hosanger, Raknes, Hamre.	19 364	9 000	16 992
Rehabilitering vannledning Votlo	229	300	
Overføringsledning Raknes -Lonevåg	-	5 500	
Vassleidning Hosanger, Raknes, Hamre. Sjøarbeid	2 604	8 000	
Tiltak avlaup Tysse, Skålevik og Lekneset i Haus	-	1 500	
Rehabilitering av VA-leidningar	256	2 000	441
<b>Sjølvkost</b>	<b>32 842</b>	<b>28 300</b>	<b>17 640</b>
<b>Prosjekt i samarbeid med andre</b>	-	-	
Haus vassverk og avlaup, til Espevoll	-	4 000	14
Stuttåsen - Vevleheia, vatn og avlaup	94	1 000	
<b>Prosjekt i samarbeid med andre</b>	<b>94</b>	<b>5 000</b>	<b>14</b>
<b>Kostnadseffektivisering</b>			
Enøk tiltak generelt	140	1 000	295
Diverse tiltak med kostnadsreduksjon i drift	139	2 000	-
ENØK-tiltak, veglys - utskifting armatur	-	2 000	143
<b>Kostnadseffektivisering</b>	<b>279</b>	<b>5 000</b>	<b>438</b>
<b>Samfunnsutvikling og opprethald/utvikling av drift</b>			
Havråatunet varmesøkende kamera	-	-	379
Bustadar for personar med utviklingshemming	-	1 000	887
Bustader Solplassen	1 242	13 000	-
Omlegging veg Litland	-	800	31
Haus barnehage, oppgradering	94	-	95
Lonevåg skule utbygging	-	-	1 365
Brannsikring kommunale bygg	-	250	1
Idrett og friluftsliv	16	1 000	111



Ortofoto	120	250	160
Kjøp av eigedom, innløysing av grunn	3 258	5 000	7 469
Adresseprosjektet	91	-	59
Nytt familiens hus	20 823	18 500	33 128
Samlokalisering brannvern, tekniske teneste, ambulanse	61	2 000	35
BIL IKT	-	-	701
Lonevåg barnehage, oppgradering av Furustubben og Selja	-	-	256
Mjøsdaalen barnehage	-	-	49
Osterøy ungdomsskule oppgradering	59	500	322
Ladestasjonar	155	200	59
Oppgradering kyrkjebygg	244	-	337
Ombygging rådhuset-NAV m.m.	44	-	392
Liten lastebil 2017	-	-	1 065
Kommunale biler	5 301	5 000	2 035
Leikeplassutstyr barnehagar	500	500	609
Njåstadvegen	-	800	
Leikeplassutstyr skular	292	500	
Valestrand skule, utbygging - tilbygg - nybygg	-	1 500	
Haus skule, diverse ombygging og oppgradering	135	1 000	235
Brannbil 2017-2018	72	-	3 449
Haus skule: nye bygg	-	500	
Osterøytunet - investeringer	633	600	883
Friluftsområde Kleiveland. Kjøp, førebuing	-	100	1
Nye bustader, små einingar	2 447	-	3 448
Lonanaset oppgradering			783
Lonevåg barnehage og kulturskulen.			575
Osterøyhallen	-	1 000	
Reigstad trafikksikring	-	150	
Osterøy integrering og læringscenter nytt ventilasjon	1 680	400	
Osterøy integrering og læringscenter godkjent kjøkken	-	500	
Infrastrukturbygging	-	2 000	
Trafikksikring av kommunal veg og eigedom	29	1 000	418
Ny barnehage Valestrand			418
Bustader omsorg +	230	2 000	5
Ergo/fysio - utskifting behandlingshjelpemiddel			191
Arkivsystem byggesak			1 167
Bil teknisk drift 2018			463
Nødlisstrømaggregat rådhuset	154	400	
Oppussing personalrom Fotlandsvåg skule	104	-	
Opprustning Lonevåg sentrum	125	-	
Lavvo / buffer BHG	253	500	155
<b>Samfunnsutvikling og opprethald/utvikling av drift</b>	<b>37 675</b>	<b>60 450</b>	<b>61 736</b>
<b>Totalt</b>	<b>85 991</b>	<b>121 750</b>	<b>89 178</b>



<b>Oversikt - balanse</b>	<b>Regnskap 2019</b>	<b>Regnskap 2018</b>
EIENDELER		
Anleggsmidler	1 489 232	1 393 528
Herav:	-	-
Faste eiendommer og anlegg	661 134	610 074
Utstyr, maskiner og transportmidler	45 992	40 549
Utlån	59 890	58 729
Konserninterne langsiktige fordringer	-	-
Aksjer og andeler	19 406	17 880
Pensjonsmidler	702 810	666 295
Omløpsmidler	198 051	294 489
Herav:	-	-
Kortsiktige fordringer	58 879	84 413
Konserninterne kortsiktige fordringer	-	-
Premieavvik	22 501	12 274
Aksjer og andeler	55 080	54 049
Sertifikater	-	-
Obligasjoner	-	-
Derivater	-	-
Kasse, postgiro, bankinnskudd	61 591	143 753
<b>SUM EIENDELER</b>	<b>1 687 283</b>	<b>1 688 017</b>
EGENKAPITAL OG GJELD	-	-
Egenkapital	161 072	164 122
Herav:	-	-
Disposisjonsfond	35 220	13 627
Bundne driftsfond	15 519	16 203
Ubundne investeringsfond	27 092	27 092
Bundne investeringsfond	1 227	1 227
Regnskapsmessig mindreforbruk	-	21 592
Regnskapsmessig merforbruk	6 442	-
Udisponert i inv.regnskap	-	-
Udekket i inv.regnskap	-	-
Kapitalkonto	96 652	92 576
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	8 195	8 195
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (inv)	-	-
Langsiktig gjeld	1 427 232	1 403 206
Herav:	-	-
Pensjonsforpliktelser	815 659	777 066
Ihendehaverobligasjonslån	92 300	92 300
-11 280 099	-12 165 443	-13 176 980	-13 365 650	-12 821 182	95,93 %	544 468

## Teknisk forvaltning

### Byggesak

Byggesaksavdelinga har i 2019 hatt om lag 3 årsverk.

#### Byggjesaker - matrikkeldata:

Byggjeløyve for bustader, fritidsbustader og andre bygg					
	2019	2018	2017	2016	2015
Heilårsbustader	38	33	10	23	23
Fritidsbustader	0	1	1	2	2
Andre bygg	27	24	25	23	23

\* Næringsbygg, garasjar, naust osv.

Sakstype	2016	2017	2018	2019
Førehandskonferanse	6	11	5	9
Søknad utan ansvarsrett	26	29	20	48
Søknad med ansvarsrett	117	113	92	95
Delingssaker	27	16	19	17
Igangsetjingsløyve	17	11	26	24
Endringssøknad	36	25	24	36
Utslepp	12	9	5	15
Tilsyn	66	40	40	66



Dispensasjon	81	97	52	81
Jordlova	5	1	2	2
Tiltak etter hamne- og farvasslova	2	1	5	2
Søknad om seksjonering/reseksjonering	5	7	6	8
Klagesaker	12	25	17	22
Mellombels bruksløyve	35	18	16	29
Ferdigattest	110	89	64	97
Mangelbrev	103	112	99	68
Saker i utval	52	69	50	43
Delegerte vedtak	394	338	312	406

For å klare å handsama flest mogleg saker innan fristane, har vi redusert telefontida hos byggesakshandsamarane og oppmode innringarar om å sende e-post/skriftleg førespurnad. Dette har bidrege til å redusere sakshandsamingstida.

Målsetjing avdeling	Resultat 2019
Handsama søknader innanfor vedtekne sakshandsamingsfristar.	53 søknader der lovpålagt sakshandsamingsfrist er overskriden: <ul style="list-style-type: none"> <li>• 4 dispensasjonssøknader</li> <li>• 10 søknader om tiltak</li> <li>• 1 søknad om igangsetjing</li> <li>• 6 søknader om endring</li> <li>• 4 søknader om mellombels bruksløyve</li> <li>• 21 søknader om ferdigattest</li> <li>• 2 delingssøknader</li> <li>• 5 klagesaker</li> </ul> <p>Nokre saker er handsaming av gamle saker.</p>
Ny lokal utsleppsføresegn i kraft 1.1.20	Vedteken desember 2019
Oppdatere tilsynsstrategien	Vedteken mai 2019

## Kart og oppmåling

Kart- og oppmålingsavdelinga handsamar oppmålingsforretningar og har ansvar for tiltaksbase og byggbase i tillegg til kart/GIS. GIS-rådgjevaren gjer oppgåver for fleire avdelingar. Grunna sjukemeldingar, blei det tilsett ein landmålar i vikariat i ca. 7 mnd. Frå 1.11.19 har vi nytta privat føretak til å utføre oppmålingsforretningar.

	2016	2017	2018	2019

Nye saker til oppmåling	50	29	23	70
Krav om samanslåing, nye saker	14	7		10
Avslutta oppmålingssaker	70	35	22	60
Grensepåvisning	0	0		0
Klarlegging av grenser som ikkje er koordinatbestemt tidligere	4	3	9	10
Grensejustering	4	4	2	4
Arealoverføring	4	8	8	3
Andre saker				
Vegvesen saker	5	2		2
Frådeling	53	18	14	53
Ikkje fullført oppmålingsforretning. Utsetje grensemerking til tomte er opparbeidd, maks 5 år (1)	28	28	2	9

#### Kommentar til tabellen

Det høge talet på nye saker, skuldast Fugledalen bustadområde med 43 eigedomar.

Målsetjing 2019	Resultat 2019
Handsame søknader innanfor vedtekne sakshandsamingsfristar.	Samtlege saker er handsama innan fristen.

#### Adresseprosjektet

Avdelinga har vore engasjert i arbeid med adresseprosjektet med oppretting av planlagde adresser i kartet, varsling av partar, bestilling av skilt og ansvar for skiltplan. Den siste namnesaka i prosjektet ble avgjort, og det ble sendt ut offisiell adresse. Arbeid med stølar og hytter på felleseiga står framleis att og det er planlagt områdeskilt for nokre områder på øya. Det er også gjort fortløpande arbeid på retting av feilbestilte skilt og endring av nokre adresser.

#### Retting av grenser i det digitale egedomskartet

Det digitale egedomskartet har store feil og manglar. Det kjem jamleg spørsmål om kartretting som vert utført. I 2019 fullførte vi 16 saker.

#### Ajourføring av tiltaksbasen og byggbasen

Etter 2015 er tiltaksbasen ajour. Byggbasen er ajour med alle innmålingar som er kome til oppmålingsavdelinga.

## Meklarpakkar

Avdelinga har tatt over utleveringa av meklarpakkar og anna eigedomsinformasjon. Som leverandør av informasjon har kommunen avtale med Ambita Infoland. I 2019 blei det levert 796 ordre gjennom Infoland, som er ein nedgang på 1.1% frå 2018.

## GIS/kart

Avdelinga har bistått med å tilrettelegge kartdata/programvare for dei andre avdelingane. Dette sikrar meir effektivitet og riktigare datagrunnlag for vedtak. På kartbiten bistår avdelinga med alt frå små enkle eigedomskart til utsleppssonekart brukt i ny forskrift.

Kommunen nyttar [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no) som kartteneste for innbyggjarar og som leverandør av planregister. Planregisteret manglar pr 31.12 to vedtekne planar og nokre få eldre planar. Arbeidet med skifte av leverandør gjort i 2018 er ferdigstilt, og løysinga har vore vidareutvikla og inneheld leggjast inn fortløpande. Tanken er at Nordhordlandskart skal vere meir enn berre eit kart og skal kunne nyttast av både utbyggjarar og innbyggjarar.

## Bistand prosjekt

Avdelinga har bidratt med prosjektstøtte til andre avdelingar i kommunen til dømes grunnavtalar, innmålingar, kart o.l.

## Landbruk

Målsetting 2019	Resultat 2019
Redusere restansar slik at ingen saker er meir ein eitt år gamal.	Nokre få saker er eldre enn eitt år.

## Jordbruk

Det var ein ein liten oppgang i tal føretak som søkte om produksjonstilskot også i 2019.

Under ordninga særskilde miljøtiltak i jordbruket (SMIL-midlar) blei det tildelt kr. 170 000,-. Indregne midlar som kommunen kunne nytte på ordninga i 2019 var kr. 3 000,- slik at disponerte midlar i 2019 var kr. 173 000,-. Totalt blei det gjeve SMIL tilskot på til saman 86 800 fordelt på 8 tiltak.

Produksjonstilskot i landbruket				Regionale miljømidlar		Avløyning ferie og fritid		Refusjon for sjukeavløyning	
	Tal søkjara	Utbetalt (mill.kr)	Tal aktive mjølkekvotar	Tal søkjarar	Utbetalt (tusen.kr)	Tal søkjarar	Utbetalt (mill.kr)	Tal søkjarar	Utbetalt (mill.kr)
2019	241	22,7	36	64	1,43	79	3,28	3	-
2018	239	19,5	37	50	0,79		2,9	8	-
2017	241	19,0	42	47	0,85	84	3,14	7	-
2016	234	19,0	42	48	0,85	81	3,10	11	
2015	228	19,3	43	48	0,66	80	3,03	12	

Kjelde: Landbruksdirektoratet, LIB

Mjølkeproduksjon er den viktigaste jordbruksproduksjonen i Osterøy kommune.

Kvotar pr. 31.12.2019

Ku/Geit	Tal aktive gunnkvotar	Grunnkvote (liter)
<b>Ku</b>	<b>36</b>	<b>3 950 071</b>
<b>Geit</b>	<b>5</b>	<b>190 476</b>

### Skogbruk

I 2019 blei det avverka 34694 m<sup>3</sup> tømmer med ei førstehandsverdi på kr 12.066.027,-. Det blei for 2019 meld inn sal av 1350 juletre til ein verdi av 256.500,-.

Det er plikt til å planta til areal som er blitt avverka. I Osterøy kommune blei det i 2019 kjøpt 43 290 stk. granplanter (kode 110) etter tidlegare avverking. Tilsvarande nyplanting var 30 260 stk på 136 daa.

det blei utført suppleringsplanting (130) på 63 daa og 13030 stk. granplanter. Tilsvarande blei det i 2018 planta 7200 granplanter i 2018. Totalt tilskot for plantekjøp og nyplanting var kr. 81763. I tillegg blei det planta 5500 juletre (125). Det blei i 2019 ytt tilskot med 181.190,- til hogst i vanskeleg terreng.

Sakstype	2016	2017	2018	2019
Søknad om miljøtiltak i jordbruket, SMIL .	9	6	8	6
Søknad om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket, NMSK	1	1	0	20
Søknad om Bygdeutviklings-midlar (BU-midlar)	2	4	0	3
Tilskot til drenering av jordbruksjord	0	4	3	3
RMP (Regionalt miljøprogram for Hordaland)		3	49	64
Søknad om bygging av landbruksveg	2	6	2	2
Søknad om omdisponering etter jordlova, §9	12	9	4	10
Søknad om deling etter jordlova, §12	9	2	3	8
Konsesjonslovssaker *)	6		13	11
Dyrka og dyrkbar jord i alt godkjent omdisponert til andre formål enn landbruk etter pbl. (daa)	9	6	4	2
Klagesaker (Jordlova, Konsesjonslova)	1	6	3	3
Søknad om endring / godkjenning av vald/bestandsplanområde for hjort.	5	6	1	2 **)

\*) I tillegg til sjølve konsesjonslovssakene har ein arbeid med svært mange eigenfråsegner.

\*\*\*) Bestandsplanområde og bestandsplan

### Viltforvaltning

Osterøy kommune er av dei største hjortekommunane i Hordaland. Det blei i 2019 felt 406 hjort. Dette er ein oppgang i frå 395 i 2018. Fellingsprosenten var med 85%, og var historisk høg. Det er totalt 38 godkjende vald i kommunen (2019) 30 vald som får årleg «retta» tildeling etter §18 og 9 vald med fleirårig tildeling med bakgrunn i godkjend bestandsplan.

Hjortejakta i Osterøy kommune				Fallvilt, stk. (01.04-31.3)		Utfall etter ettersøk			
År	Kvota (stk.)	Felte dyr (stk.)	Felte dyr (%)	Meldt	Hjort	Funnen daud (stk.)	Avliva (stk.)	Friskmeld (stk.)	Ikkje funnen
2019	477	406	85,1	21	21	10	5	2	4
2018	486	395	81,3						

2017	466	390	83,7		16	4	5	1	
2016	468	359	76,7		12	2	6	1	
2015	496	367	74,0		16	6	3	0	

For 2019 (01.01-31.12.19)

### Veterinærvaktordninga

Osterøy kommunen administrerer veterinærtenestene for Veterinærvakt distriktet Osterøy og Bergen Nord. Denne ordninga vert finansiert gjennom tilskot frå Staten. Osterøy Kommune får administrasjonstilskot for administrering av distriktet Osterøy Bergen Nord.

Etter at det hadde blitt gjeve melding om at ordninga med øyremerka tilskot skulle opphøre i frå 2020 blei det hausten 2019 gjeve kontraordre om at dei øyremerka tilskota til ordninga skulle fortsette.

### Plan

Seksjonen sine oppgåver er knytt til samordning og gjennomføring av kommunale (plan)prosessar, arealplanar og samfunnsplanar. Seksjonen har i 2019 bestått av 3 planleggarar og frivilligkoordinator. Rådmannen var leiar for avdelinga frå februar 2018 til februar 2019. I frå februar gjekk nytilsatt sektorleiar inn i leiinga. Ein medarbeidar har slutta i 2019, to nye har vorte tilsett i løpet av året og to personar har hatt permisjon hausten 2019. Stillinga som leiar for planavdelinga har stått vakant heile 2019. Avdelinga sine hovudprioriteringar tek utgangspunkt i vedteken planstrategi frå 2016, rådmannen sine prioriteringar av oppgåver som vert lagt til avdelinga og handsaming, råd og rettleiing av private planar. Utover dette jobbar avdelinga med større og mindre oppgåver. Avdelinga har hatt folkehelsekoordinatorrolla i 2019.

### Arbeidsoppgåver 2019

Planavdelinga hadde i 2019 ansvar for oppstart av 3 private detaljreguleringsplanar og ein kommunedelplan, samt ein temaplan. I alt 13 reguleringsplanar var under arbeid, ein kommunedelplan og ein temaplan. Det vart vedtatt i alt 4 detaljreguleringsplanar, ein kommunedelplan (Sjø- og strandsonen) og ein temaplan (Oppvekstplanen).

### Planproduksjon reguleringsplanar og kommunedelplanar

	2019	2018	2017	2016
Endring av reguleringsplanar	3			
Oppstart reguleringsplanar	3	1	2	3
Under arbeid	13	18	15	12
Vedtekne	4	0	3	3
Oppstart KPD				1
Under arbeid	1	1	1	1
Vedtekne	1	1		

Arbeid med private reguleringsplanar krevde i 2019 som andre år, ein vesentleg arbeidsinnsats. I 2019 var planavdelinga også engasjert i utarbeiding av Bustadsosial handlingsplan, samt Avfallsplan for småbåthamner i Osterøy (temaplan), vedtak av oppvekstplanen og arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel. I tillegg har avdelinga arbeidd med diverse prosjekt: Miljøfyrtårnserifisering, ladestasjonar på Osterøy, Utbygging av mobilinfrastruktur og utbygging av breiband i kommunen (nasjonalt prosjekt). Planavdelinga har og delteke i oppfølging av hendinga på Votlo. Utarbeiding av områderegulering for Lonevåg har også teke tid.

Av andre arbeidsoppgåver kan nemnast rolla som folkehelsekoordinator (20 %) knytt til kommunen sitt folkehelsearbeid. Kommunen har hatt ei tverrfagleg folkehelsegruppe der mellom anna Nav, teknisk, personal, kommunepsykologar, helsestasjon, frivilligkoordinator, helse og omsorg og oppvekst har delteke. Folkehelsekoordinator har leia arbeidet. Gruppa har hatt 5 møter og har arbeidd med prosjekt som Trafikksikker kommune, Verdsdagen for psykisk helse og statistikk i høve arbeid med folkehelseoversyn. Det har vore deltaking på kompetansehevande tiltak som folkehelsekonferanse, helsekonsekvensutgreiing og trafikktryggleikskonferansen for Hordaland. Den tverrfaglege folkehelsegruppa vart avslutta i desember 2019.

#### Frivilligkoordinator

Frivilligkoordinator har vært knytt til planavdelinga. Viktige arbeidsoppgåver i 2019 har vært politisk vedtak på frivilligmeldinga, arbeid med å utarbeide og følgje opp spelemiddelsøknadar og å følgje opp Ungdomsrådet. I tillegg har frivilligkoordinator organisert Innsamlingsaksjonen, bidrege i verdsdagen for psykisk helse og organisert vardebrenning i samband med markeringa av deltaking i Biosfæreprosjektet. Frivilligkoordinator har og bidrege inn i diverse planprosessar og vært bindeledd mellom kommunen og dei frivillige organisasjonane. Frivilligkoordinator slutta i stillinga 31.12.19.

## Teknisk drift

### Kommunale bygg

#### Rapportering på nybygg og vedlikhaldsplan ihht vedtekne mål

##### *Kommunen sine mål ved nybygging:*

Ved nybygging og utviding av kommunale bygg / anlegg skal det leggjast vekt på:

- Å velje standard og utforming som svarar til oppgåva, å vera brukarvenlege og fleksible i høve til endringar.
- Å velje materiale, utforming og teknisk løysing som førebyggjer framtidig vedlikehald.
- Å prioritera inneklimate og ergonomi som sikrar eit godt fysisk arbeidsmiljø.
- Å velja energieffektive løysingar som er med på å oppfylle kommunen sin klima- og energiplan.

#### Måloppnåing:

- Bygging av familiens hus med solenergi, auka energiklasse og mange ladestasjonar i tilknytning til bygget. Bygget er tilrettelagt for eit godt inneklimate, men det må gjerast endring med belysning i form av ny armatur.
- Nye ventilasjonsanlegg på Osterøy integrerings- og læringscenter (Hauge skule)

### **Kommunen sine mål for vedlikehold:**

Kontinuerlig vedlikehold skal ta vare på dei verdiane som kommunen sine bygg / anlegg representerer ved å:

- Sikre at verdiane vert teke vare på ved førebyggjande vedlikehold.
- Omgåande sette inn tiltak for å hindre at skader og slitasje får utvikle seg.
- Ivareta det estetiske, også i uteområde.

Måloppnåing:

- Funksjonalitet i samsvar med bruk, delvis utført. Eks fornying av golvbelegg og utførte tiltak etter krav frå helsevernetaten.
- Førebyggjande utvendig vedlikehold er i liten grad utført.
- Akutte skader og reparasjoner utført.
- Nytt meldesystem innført for å melde feil og behov til vaktmeisterenesta.

### **Vidare status på utført arbeid i 2019.**

<b>Bygg</b>	<b>Planlagt vedlikehold</b>	<b>Utført</b>
Fotlandsvåg barnehage	Utvendig maling	Ikkje utført
	Golvbelegg,	Delvis utført
		Nytt gjerde mot veg utført
Haus barnehage	Asfaltering sykkelsti	ikkje utført
Lonevåg barnehage	Vask/maling utvendig	Ikkje utført
	Golvbelegg heile bygget	utført
		Utskifting div på tak utført
		Nytt kjøkken kjelleravd.
		Montert ny skyvedør og dør 1 etg nord.
Mjøsdalen barnehage		Nytt belegg og nytt avtrekk vaskerom utført

Valestrand barnehage	Balkong, asfalt	Rekkv - Balkong delvis utført. asfalt ok
		Arbeid etter tilsyn helsevern etaten:  Større garderober, berøringsfrie armaturer, Nye ovner, platet vegger på stellerom og toaletter, en del ny belysning.
		2 stk nye ventilasjonsangegg utført
		Nytt vognskur.
Haus skule	Parkeringsplass.	ikkje utført
		Ny LED lamper i 2 klasserom, Enøk -investering
	Fliser i dusj	utført
Lonevåg skule	Innvendige takplater gammalt bygg	Ikkje utført
	Utvendig maling	ikkje utført
Valestrand skule	Gulv, belegg	Utført
Osterøy ungdomsskule	Belegg klasserom	ikkje utført
	Maling murvegger	Delvis utført
	Dører garderobe	ikkje utført



	Panikkbeslag dører	ikkje utført
Fotlandvåg skule	Kledning, maling	ikkje utført
	Takvindu kontor	ikkje utført
	Membran dusjrom	utført
		Ny belysning personal og koridor
	Felling av tre	utført
Hauge skule ( Osterøy integrerings- og læringscenter)	Synleg armering, vinduer	Utført, vinduer ikkje utført
		2 stk Nye ventilasjonsanlegg, investering
Osterøytunet	varmeovner	ikkje utført
	Brannalarm	Ikkje utført
	Håndlist balkong	utført
	Spyling av tak	Ikkje utført
Rådhuset	Utsifting branndører	Delvis utført

### Kommunale bustader

Kjøpt 1 stk leiligheit i sameige på Reigstad.

Arbeidet med 6 små bustader på Reigstad er stansa. Arbeid med å finna alternativ løysing pågår.

Fleire einingar på Geiteryggen teke i bruk som bustad.

## Kommunale vegar

Kommunen har to stillinger på veg, og den eine stillinga sto vakant deler av 2019. Dette har ført til redusert kapasitet til vanleg vedlikehald. Kantklipping er og noko asfaltering er utført.

Kvalitetsindikatorar	Resultat 2015	Resultat 2016	Resultat 2017	Resultat 2018	Resultat 2019
Asfaltering kommunale vegar	5,4km	Totalt 2,3 km i samband med prosjekt Njåstadvegen	0	Ca 0,2 km,	Ca 0,1 km
Bruk av flikkmasser for djupe hjulspor					Ca 20 tonn

## Miljø og trafikksikringstiltak

Planlegging av bussnusløyfe og parkering ved Valestrand skule pågår. Kommunen har gått fleire rundar med regionat nivå (SKYSS, fylkeskommune og SVV) for å finne trygge løysingar som alle partar kunne akseptere. Prosjektet har difor tatt mykje lengre tid enn planlagt. Vi vil starte bygging i løpet sumar/ haust 2020. Planlegging av gangveg fv 368 på Hatland pågår.

Prosjekt mot forsøpling i regi av BIR er gjennomført.

## Førebygging vassdrag, flaum og ras

I samband med skredhendinga på Votlo desember 2017 er det utarbeida div utgreiingar og planar for sikring av området. Deler av arbeidet har vore på anbod. Prosjektet er forseinka pga manglande avklaring med grunneigarar for å kunna gjennomføre sikringstiltaka.

Ny demning med laksetrapp/ålerenne på Kringastemma er ferdigstilt. Gangbrua blir ferdig i mars 2020.

## Vatn, avlaup

Tabell under syner produksjon av reintvatn ved dei ulike vassverka.

Produsert vassmengd m3 m	2016	2017	2018	2019
Daltveit VBA	437 140	474 488	421631	376082
Fotlandsvåg VBA	58 260	67 949	93953	82100

Haus VBA	79 453	73 241	82767	82673
Bruvik VBA	30 713	28 506	35513	28659
Hamre VBA *	9 339	9 588	16226	7990
Raknes VBA *	7 321	6 586	8340	3040

\*Nytt vannforsyningsystem for Raknes og Hamre, som no vert levert frå Fotlandsvåg vassverk, blei tatt i bruk 30 juli 2019.

Vatn og avlaup har hatt fokus på utbedring av lekkasjer på vatten. Det har vært kjørt noko vatn til Hamre i første halvår 2019. Delar av avlaupsleidninga til Eidefeltet har vært rehabilitert. Det er bytta ut 70 meter vannledning på Lekneset i Haus.

### **Slamtømming:**

Slamtømming utført.

## **Brann- og redning, feiarteneste**

Kvalitetsindikator	Resultat 2016	Resultat 2017	Mål 2018	Resultat 2018	Resultat 2019
Talet på pipebrannar	4	7	5	2	7
Talet på tilsyn bustader	114	255		629	1401
Unødige utrykkingar		32	11	21	25
Talet på feingar	909	242		198	1136

Brannvesenet hadde 93 utrykkingar i 2019, noko som er på same nivå som dei siste 2 åra. I 2019 hadde me 3 bygningsbrannar der ein av bygningane brant ned (Hytte Mjeldalen).

6 trafikkulykker har me rykka ut til . Ingen skadde eller omkomne i brann i 2019

Risikobaserte tilsyn i særskilte objekt vart utført etter planen. Branninformasjon, teori og praksis for 6. og 7. klasse, samt open brannstasjon.

Det har vore branninformasjon for eldre (risikograppa).

Fyrstehjelpskurs med branninfo er utført for sumarvikarar og andre tilsette i kommunen. Vi har på grunn av langtidssjukdom hatt redusert kapasitet på det førebyggjande arbeidet, men har i denne tida fått god assistanse frå mannskap frå Bergen brannvesen.

Frå årsskiftet 2019 er det inngått avtale med Bergen brannvesen om kjøp av feie og tilsynstenester.

Prosjekt	Resultat 2019
Valestrand skule Trafikksikring, parkering og bussløyfe	Prosjektering, avklaring med Statens vegvesen og omregulering ferdig.
Oppgradering div skular og barnehage	<p><u>Hauge barnehage</u> Planlegging av nybygg ferdig.</p> <p><u>Valestrand barnehage</u>. Førebunde arbeid for ny barnehage pågår.</p> <p><u>Osterøy ungdomsskule</u>; planprosess for utviding pågår</p>
Flaumsikring Valestrand – Kringastemma, laksetrapp	Byggearbeid Kringastemma og laksetrapp i ferdig med unntak av gangbru. Flaumsikring Valestrandsvatnet utsett til 2020.
Ikt utstyr	Kjøp av ikt -utstyr utført.
Planlegging og bygging nyanlegg vatn og avlaup	Nytt anlegg Hosanger, Raknes, Hamre ferdig sumar 2019. Vannledning Raknes – Lonevåg ikkje starta. Avløp Østre Kleppe ikkje starta. Avlaup Hauge Stuttåsen – Vevleheia, planlegging pågår. Va-anlegg til Oddalsmyra ferdig. Va -Espevoll ikkje starta pga manglande utbyggingsavtale.
Rehabilitering va anlegg	Vannledning Votlo, arbeid starta. Tiltak avlaup Tysse, Haus ikkje utført, utsett til 2020. Rehabilitering av va - ledningar delvis utført.
Va Haus og Tysse	Avtale om sluttoppgjer med Implenja er inngått.
Enøk veglys,	Arbeid med med utskifting av gamle veglys til ny LED armatur er ikkje utført i 2019
Enøk generelt	Utført
Bustader for personar med utviklingshemming;	Bustader Solplassen kontrakt ok, byggestart januar 2020
Familiens hus	Ferdig vår 2019

## Årsmelding 2019 Osterøy Kommune

Lavvo barnehager	Lavvoer til Lonevåg og Fotlandsvåg barnehage er kjøpt, montering i 2020.
Omlagging veg Litland.	Forseinka pga div avklaring manglar
Samlokalisering brannvern, tekniske tenester, ambulanse	Arbeid med kjøp av eigedom pågår.
Leikeplassutstyr barnehagar, skuler	utført
Ladestasjoner	Delvis utført. Betalingsløysing blir ferdigstilt i 2020
Kommunale biler	Kjøpt inn 15 el-bilar til Helse og omsorg, bil vaktmeister tenesta. Div bilar solgt.
Innløysing festekontrakter/kjøp av grunn, utbyggingsavtaler	Bustad Reigstad kjøpt for utleige. To leiligheiter Ramberget renovert i 2019.  Div kjøp/sal av kommunal eigedom. Arbeid med utbyggingsavtale.
Idrett og friluftsliv	Oppgradering av Lonevåg sentrum, planarbeid ved Valestrandsvatnet.
Njåstadvegen	Gjeld bru, ikkje utført
Haus skule uteareal - parkering	Uteareal skule utført, avtale inngått med grunneigar til utvida parkering. Byggast i 2020
Trafikksikring kommunale vegar	Nye veglys Haus sentrum pågår
Nødstraum aggregat rådhuset	Agregat kjøpt. El-opplegg til 2020.
Bustader omsorg +	Div planlegging - avklaringer pågår. Prosess og utarbeiding av forslag til forprosjekt.
Ortofofo, laserdata	Utført
Reigstad trafikksikring	Ikkje starta, drøfting utbyggingsavtale pågår.
Osterøy integrerings- og læringscenter (Hauge skule)	Nytt ventilasjonsanlegg ferdig,
Infrastrukturbygging	Planlegging pågår

## 4 sektor Rådmann og Stab

Stabseiningar er fellestenester for organisasjonen og bidrar med administrativ spisskompetanse og rådgiving til tenesteiningane. Stabseiningane tar seg av oppgåver som er felles for heile organisasjonen og skal vere ein aktiv pådrivar for heilskapstenking og utvikling.

Fleire einingar som tidlegare har vore organisert i rådmannen sin stab blei i 2019 flytta over til ny sektor for Samfunnsutvikling

### Budsjettkontroll 2019

	Rekneskap 2018	Vedteke budsjett 2019	Justert budsjett 2019	Rekneskap per 31.12.19	Forbruk 2019 i % av årsbudsj	Avvik per 31.12.19
	41 111 723	40 580 000	40 927 421	41 863 931	103%	936 510

Fagområde og funksjoner:

### Løn personal og organisasjon

Løn, personal og organisasjon ivareteke overordna personalfunksjonar, rådgjeving og støtte til einingane, HMS, fagopplæring og løn. Eininga er kontaktpunkt inn mot verneombod, tillitsmannsapparatet og lærlingordninga

Hovudoppgåvene til avdelinga er rådgjeving og støtte innan løn- og personalområdet, arbeid i samband med arbeidsgivarstrategiar, inkluderande arbeidsliv (IA), rekruttering, organisasjonsutvikling og leiarutvikling.

Eininga har sekretariatsfunksjon for: Arbeidsmiljøutvalet og AMDU, IA-utvalet, forhandlingsutvalet, tilsetjingsutvalet, AKAN-utval og varslingsutval.

### IKT

IKTNH har ansvar for utvikling og drift av den grunnleggjande ikt-strukturen i 10 kommunar i fylke. Osterøy kommune har sidan 2011 vore vertskommune for samarbeidskommunane.

IKTNH skal bidra til å understøtte og vidareutvikle digitaliseringa av forvaltning og tenester i kommunane for på den måten å gjere det lettare for kommunane å oppnå sine mål.

IKTNH blir frå 2020 etablert i eit eige selskap.

### Service, Info og arkiv

Servicekontoret er et felles kontaktpunkt for offentlige tjenester og tilbyr publikumsretta tjenester fra både stat og kommune.

Dokumentavdelinga har dokumenthåndtering og arkiv som hovedoppgave i samsvar med lover og forskrifter. Avdelinga utfører i tillegg en del sakshandsamaroppgaver og fellesoppgaver som innkjøp og felles postmottak. Dokumentavdelinga skal hjelpe sakshandsamarane i de ulike fagsystema. Avdelinga har som oppgave å ha opplæring for alle sakshandsamarane i systema Acos Fokus, Asos barnevern, Acos sosial og Acos cosdoc.

Alle Nordhordlandskommunene fikk ny portal opp i 2018 og er no inne i oppdatering/oppfølgingsfase i høve dette. I 2018 ble det starta to prosjekt for Randkommunene i Nordhordland (de som ikke skal inn i Alver kommune), eit prosjekt på post/arkiv og et Vedr. kontaktsenter/innbyggjerservice. Høsten 2017 ble det inngått avtale med Dansk Scanning om skanning av eiendomsarkivet til kommunen og en innsynsløysing for disse dokumenta. Dette arbeidet er nå sluttført, og arkivet har våre henta. Kommunen har inngått avtale med IKAH (interkommunalt arkiv i Hordaland) som i desember 2019 overtok arkivansvaret for kommunen sitt arkiv.

Det har våre store politiske aktiviteter gjennom året bl.a. en ny anskaffelse på Multifunksjonsskrivere til kommunene startet våren 2019, nytt telefonsystem og fleire oppgraderinga.

### Politisk –adm, sekretariat

Politisk-adm. sekretariat har ansvar for sekretariatsfunksjoner for politiske organ, ordfører, rådmann, Eldreråd, Rådet for funksjonshemma, ymse sakskomiteer og administrative utvalg.

I tillegg kjem tilrettelegging for gjennomføring av val, beredskapsarbeid og informasjon på nettsidene til kommunen (både politisk og anna informasjon). Det er to årsverk på avdelinga.

Aktivitet, resultat og analyse

Det har våre stor politisk aktivitet gjennom året og samla har det våre haldet 45 møte i politiske utvalg og råd. Vår og haust var fylt med førebuing til kommunestyre- og fylkestingsvalget. Etter sommerferien var det førehandsrøysting og opplæring av røyste styre og gjennomføring av valet som tok det meste av tid og ressurser.

Med så mange utvalgsmøte går myke av tid og ressurser til dette, og det vert mindre tid til utvikling av tjenestene.

Sekretariatsfunksjonen for rådmannen og administrative møte ligg også til sekretariatet

Møtebehandlingsystemet og Møteportalen har effektivisert møteinnkallinger og møtearbeid, men det viser seg likevel utfordrende å holda alle tidsfrister.

## Økonomikontor

Økonomikontoret er støttefunksjon for Rådmann og stab og de øvrige sektorene.

Arbeidsoppgåvene er mange og hovedområdene er budsjett og økonomiplanarbeid, rekneskap og rapportering, fakturering, innkreving, innkjøp, finans og eigedomsskattekontor. Vi arbeider kontinuerlig for å bli meir digital slik at ein kan arbeide meir effektivt. Arbeidet på økonomikontoret blir meir tidkrevjande og utfordrande når vi slit økonomisk ettersom då og bruker mykje tid på å rekne på moglege innsparinger.

### Fokusområde 2019

Fokusområde 2019:	Målsetting 2019:	Tiltak 2019:	Måloppnåing 2019:
Brukarar	Gjennomføre kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 innan fastsette fristar	Opplæring for røystestyre og valmedarbeidarar	Gjennomført og godkjent
	God tilrettelegging og service til politisk nivå	Vidareføring og utvikling av elektronisk saksbehandling	Gjennomført
	Inngå inn avtale med IKAH		
	Periodisering av Web-sak	Journalføring og avslutting av eldre saker	Gjennomført og godkjent
	Oppgradering til ny versjon i Web-sak	Nytt brukargrensesnitt for dokumentcenter	Gjennomført
	Elektronisk registrering i skole og barnehage	Opplæring og gjennomføring	Pågåande arbeid
Medarbeidarar	Auka fokus på meistringsorientert leiing	Følge opp 10-faktor medarbeidarundersøkinga	Pågåande – ny gjennomføring i 2020
	Strukturerte medarbeidarsamtalar med fokus på elementene i 10 faktor medarbeidarundersøkinga	Innføre og lære opp i Motivati - digitale medarbeidarsamtalar	Gjennomført. Vidare oppfølging i 2020
Fagutvikling	Styrke fagkompetanse på prosjektleiing	Gjennomføre felles opplæring for utvalde medarbeidarar i sektorane	Påbegynt, slutførast i 2020
	Strukturert leiaropplæring for alle leiarar med personalansvar	Følge opp og vidareutvikle konseptet Dialog Kafe 6 samlingar pr år	Gjennomført



## Årsmelding 2019 Osterøy Kommune

	Innføre ny kommunelov	Leggje til rette for og gjennomføre opplæring i ny kommunelov	Pågåande
Økonomi	Bli meir digital og papirlaust	Inngå avtaler om EHF faktura og færre utgående faktura på papir.	Få utgående faktura i post og de aller fleste inngående faktura kjem som EHF , men arbeidet held fram i 2020
Miljø	Redusere papirbruk	Etablering av e-signering	Under arbeid
	Avlevering av papirarkiv	Alt saks- og personalarkiv er avlevert for ordning og deponering	Gjennomført

## Utvikling årsverk

	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019
Pol. sek	2	2	2
SID			8,7
HR	4,5	5	5
økonomi		5,1	4,1
Tal			

Utvikling tal i politiske saker	Heradsstyret	Formannskap	Plan og kommunalteknisk utval
2019	105	82	104
2018	101	121	121
2017	79	92	104

Kvalitetsindikatorar	31.12.2017	31.12.2018	31.12.2019
Inn dokument(websak, PPI, Acos barnevern, Acos sosial, Acos Cosdoc)	20247	23122	25728
Ut dokument(Websak, PPI, Acos barnevern, Acos sosial, Acos Cosdoc)	12668	14389	16827
Innkomne telefoner til sentral/servicetorget	23173	20260	15000 (nytt system)

### Budsjettkontroll 2019

	Regnskap 2018	Vedteke budsjett 2019	Justert budsjett 2019	Rekneskap per 31.12.19	Forbruk 2019 i % av årsbudsj	Avvik per 31.12.19
Løn, personal	6 420 717	7 036 000	7 177 214	6 394 611	91 %	-641 389
IKT - Kommunikasjon	11 594 357	9 968 000	9 968 000	11 132 794	112%	1 164 794
Service, informasjon	7 239 932	7 090 000	7 212 142	7 383 674	104%	293 674
Pol.- adm. sekreteriat	5 626 862	6 433 000	6 454 580	6 815 528	106%	382 528
Økonomikontor	5 467 399	5 754 000	5 816 485	5 317 629	92%	-436 371
Rådmannen	4 762 456	4 299 000	4 299 000	4 819 695	112%	520 695

Samla ca. 3 % meirforbruk. Størst avvik på IKT og kommunikasjon. Dette skyldes blant anna kostnader ved digitalisering.

Ca. 8 % mindreforbruk på økonomikontoret og det skyldes lågere lønskostnader og skyldes igjen lågere bemanning i slutten av året.



# Risiko- og vesentlegvurdering 2020-2024

## – Refleksjonsnotat eigarskapskontroll

Etter Kommuneleven §§ 23-3 skal det utarbeidast ei risiko- og vesentlegvurdering som ligg til grunn for plan for eigarskapskontroll i perioden 2020-2024.

Etter bestilling frå kontrollutvalet skal arbeidet med risiko- og vesentlegvurdering utførast som eit samarbeid mellom kontrollutvalssekretariatet og Nordhordland Revisjon IKS.

I arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga vert kommunen sitt risikobilde gjennomgått med innspel frå kontrollutval, samt administrativt og politisk nivå i kommunen.

### Eigarskap

Kommunen har eigarandel i fleire selskap, og i ein eigarskapskontroll vert det undersøkt korleis desse eigarinteressene vert følgt opp og om dette vert gjort i samsvar med lover og forskrifter, heradsstyret sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. Dersom kontrollutvalet ønskjer å foreta undersøkingar i selskapa ut over dette, vil det definerast som forvaltningsrevisjon av selskap og vere omfatta av plan for forvaltningsrevisjon.

Føremålet med risiko- og vesentlegvurderinga er å finne ut kvar det er størst behov for eigarskapskontroll. I kommunelova § 23-6 vert innsyn og undersøkingar i selskaper og liknande omtala, og utgangspunktet for vurderinga er selskap som kommunen har eigarandel i som vert definert som;

- Interkommunale selskap etter IKS-loven
- Interkommunale politiske råd
- Kommunale oppgåvefelleskap
- Aksjeselskap der ein kommune aleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller indirekte eigar alle aksjer.

Under er oversikt over selskap som Osterøy kommune har eigarinteresser i, jamfør årsrekneskapen for Osterøy kommune 2019 og Brønnøysundregistrene.



## Osterøy kommune

Selskap som Osterøy kommune har eigardelar i:

Selskap	Eigarandel i %
Opro AS	100 %
Osterøy Aktiv AS	100 %
Osterøy Utvikling AS	100 %
BIR AS	2,54 %
Vann vest AS	1 %
Nordhordland Revisjon IKS	30,2 %*
Nordhordland Utviklingselskap IKS	18,43 %*
Region Nordhordland Helsehus IKS	16,2 %*

## Regionrådet Nordhordland

Oversikten er basert på årsmeldinga for 2019 og opplysingar i brreg.

\*Ikkje oppdatert eigarandel etter endring i kommunestruktur.



## Risiko og vesentlegvurdering 2020-2024 – Refleksjonsnotat forvaltningsrevisjon

Etter KommuneLoven §§ 23-3 skal det utarbeidast ei risiko- og vesentlegvurdering som ligg til grunn for plan for forvaltningsrevisjon i perioden 2020-2024.

Etter bestilling frå Kontrollutvalet skal arbeidet med risiko- og vesentlegvurdering utførast som eit samarbeid mellom kontrollutvalssekretariatet og Nordhordland Revisjon IKS.

I arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga vert kommunen sitt risikobilde gjennomgått med innspel frå kontrollutval, samt administrativt og politisk nivå i kommunen. Administrativt nivå får også høve til å uttale seg om eventuelle risikoreduserande tiltak som er iverksett.

### Om vurdering av risiko

Risiko og vesentlegvurderingar inneber å vurdere på kva område av kommunen si verksemd eller i kva selskap det er risiko for vesentlege avvik, og kor alvorlege konsekvensar desse avvika vil kunne få. Risiko og vesentlegvurderinga dannar såleis grunnlaget for å vurdere tema, antall forvaltningsrevisjonar og tidspunkt for utføring.

Vurdering av risiko er såleis samansett av to element:

- Kor stor er konsekvensane dersom riskofaktoren inntreff?
- Kor sannsynleg er det at risikofaktoren inntreff?

Ein kan stille seg spørsmål; Kor alvorleg vil det vere dersom risikoen innan eit gitt område blir ein realitet i form av eit faktisk avvik?

Dersom konsekvensane reknast å bli store, samstundes som det er svært sannsynleg for at ein situasjon vert ein realitet, vurderast risikoen til å vere høg.

Kommunen kan setje i verk risikoreduserande tiltak. Dette er tiltak som er eigna til å redusere enten konsekvensen for at risikofaktoren inntreff eller reduserer sannsynlegheita for at den inntreff.

Dersom ein har vurdert risikoen innan eit gitt område til å vere høg, samtidig som tiltak for å redusere risikoen ikkje er til stade/ikkje fungerer, vil eit område bli vurdert som vesentleg.

### Risikovurdering gjennom vedlagte analyseskjema

Vedlagt refleksjonsnotatet er tre dokument til bruk ved refleksjons- og drøftingsfasen. Vedlegg 1 «risikoskjema» er eit utsnitt av analysematrisen for ROV og vert nytta i samband med innspel frå kontrollutval, politisk- og administrativt nivå i drøftingsfasen. Vedlegg 2 «ROV-hjulet» er ei visualisert sektorframstilling av kommunal verksemd med føremål å vise dei ulike områda som kan vere aktuell for forvaltningsrevisjon. Vedlegg 3 er ei oversikt over interne og eksterne risikofaktorar i kommunen si verksemd.



Vedlagte risikoskjema (vedlegg 1) viser dei ulike sektorane og tenestene kommunane yter. I skjema er det lagt opp til at dei ulike områda skal få vurdert risiko gjennom konsekvens og sannsynlegheit. Konsekvensen av at noko skjer får ein verdi mellom 1 (svært liten) og 5 (svært stor) medan risikoen for at noko skal skje får ein bokstavverdi mellom A (svært lite sannsynleg) og E (svært sannsynleg). Den samla risikoen vil såleis bestå av ein verdi mellom 1 og 5 og ein bokstav mellom A og E (t.d. 3C som vil vere middels risiko)

Risikovurderinga som blir gjort for dei ulike områda vere ein del av datagrunnlaget i ROV-analysen.


Vedlegg 1: Skjema for vurdering av risiko

Sektor: Administrasjon og støttetjeneste	Vurdering av risiko jfr. innhold i forvaltningsrevisjon: overhaling av lover og bestemninger, økonomi, produktivitet og måloppnåing (døme: kor alvorleg er konsekvensen av manglande internkontrollsystem og kor sannsynleg er det at dette kan skje?)		
<b>Område/oppgåve:</b>	<b>Sannsynlegheit (A-E)</b>	<b>Konsekvensar (1-5)</b>	<b>Kommentar</b>
Styringssystemer; planlegging, rapportering og oppfølging			
Anskaffelser			
Datasystemer; IKT-ststem, sakshandsaming, økonomi- og rekneskap m.fl.			
Oppfølging av vedtak			
Finansforvaltning			
Internkontroll			
Organisasjon/personal			
Bruk av støttetjenester			
Miljø - berekraftig utvikling			
Eigedomsskatt			
Offentleg støtte/næringsstøtte			
Sektor: Plan, teknisk og landbruk	Vurdering av risiko jfr. innhold i forvaltningsrevisjon: overhaling av lover og bestemninger, økonomi, produktivitet og måloppnåing (døme: kor alvorleg er konsekvensen av at vatnet har dårleg kvalitet og kor sannsynleg er det at dette kan skje?)		
<b>Område/oppgåve:</b>	<b>Sannsynlegheit (A-E)</b>	<b>Konsekvensar (1-5)</b>	<b>Kommentar</b>
Byggesakshandsaming			
Plansaker			
Eigedomsforvaltning			
Brann- og feiervesen			
Veg			
Renovasjon			
Vatn og avlaup			
Sektor: Kyrkje, kultur og fritid (kostnad/tilgjengelighet/dekningsgrad/kvalitet)	Vurdering av risiko jfr. innhold i forvaltningsrevisjon: overhaling av lover og bestemninger, økonomi, produktivitet og måloppnåing (døme: kor alvorleg er konsekvensen av manglande fritidstilbod og kor sannsynleg er det at dette er tilfelle?)		
<b>Område/oppgåve:</b>	<b>Sannsynlegheit (A-E)</b>	<b>Konsekvensar (1-5)</b>	<b>Kommentar</b>
Idrettsanlegg			
Kulturskule			
Bibliotek			
Sektor: Helse- og sosial	Vurdering av risiko jfr. innhold i forvaltningsrevisjon: overhaling av lover og bestemninger, økonomi, produktivitet og måloppnåing (døme: kor alvorleg er konsekvensen av låg dekningsgraden innan skulehelsetenesta og kor sannsynleg er det at dette kan skje?)		
<b>Område/oppgåve:</b>	<b>Sannsynlegheit (A-E)</b>	<b>Konsekvensar (1-5)</b>	<b>Kommentar</b>
Institusjonsplassar			
Heimetjenester			
Individuell plan			

Kompetanse/rekruttering			
Legedekning			
Skulehelseteneste			
Helsestasjonar			
Fysio- og ergoterapautdekning			
Psykisk helse			
NAV			
Andre sosiale omsorgstilbydarar			
Barnevern - omfang tilsyn og tiltak			
Barnevern - kompetanse			
Sektor: Oppvekst og utdanning	<i>Vurdering av risiko jfr. innhald i forvaltningsrevisjon: overhalding av lover og bestemningar, økonomi, produktivitet og måloppnåing (døme: kor alvorleg er konsekvensen av låg dekningsgraden innan skulehelsetenesta og kor sannsynleg er det at dette kan skje?)</i>		
<b>Område/oppgåve:</b>	<b>Sannsynlegheit (A-E)</b>	<b>Konsekvensar (1-5)</b>	<b>Kommentar</b>
Barnehage - dekningsgrad/tilgjengelighet			
Barnehage - kostnader			
Barnehage - kvalitet			
PPT			
Spesialundervisning			
Fysisk og psykisk skulemiljø			
Kompetanse og rekruttering			
Skuleskyss			
SFO - dekningsgrad/tilgjengelighet			
SFO - kostnader			
SFO - kvalitet			



## Vedlegg 2: «ROV-hjulet»



Figur: «ROV-hjulet» er ei visualisert sektorframstilling av kommunal verksemd med føremål å vise dei ulike områda som kan vere aktuell for forvaltningsrevisjon.

### Vedlegg 3: Døme på risikofaktorar

<b>Døme på risikofaktorar i kommunal forvaltning (ikkje uttømmende):</b>		
<i>Interne</i>	<i>Eksterne</i>	
<b>Teknologi</b>	<b>Økonomi</b>	
<i>System</i>	<i>økonomisk stilling</i>	
<i>Konfidensialitet</i>	<i>lånegjeldbelastning</i>	
<i>Vedlikehald</i>	<i>akkumulerte underskot</i>	
<b>Verdiar/infrastruktur</b>	<i>statleg string (ROBEK)</i>	
<i>egnethet til formålet</i>	<i>betalingsemne</i>	
<i>tilgang til kapital</i>	<i>pensjonsutgifter</i>	
<i>tilgjengelegheit</i>	<i>lønsnivå</i>	
<b>Prosess</b>	<b>Organisering</b>	
<i>Kapasitet til å utføre tenesta</i>	<i>grad av eigarstyring</i>	
<i>korleis tenestea utføres</i>	<i>bruk av konkurranseutsetting</i>	
<i>Kvalitet på tenesta</i>	<b>Politisk</b>	
<i>Avhengighet til lev./andre aktører</i>	<i>endring i lover/bestm.</i>	
<i>Organisering</i>	<i>endring i politiske signaler/strategiar</i>	
<i>Standarder/ serviceklæringar</i>	<i>offentleg regleringar</i>	
<b>Personale</b>	<i>miljøforvaltning</i>	
<i>Kompetanse</i>	<i>kommunens identitet/profil</i>	
<i>Haldningar og etisk adferd</i>	<b>Sosiale/demografiske</b>	
<i>Helsebel. i arb.</i>	<i>aldersamansetning</i>	
<i>sikkerheitsrutinar</i>	<i>busettingsmønster</i>	
<i>Misbruk av mynde</i>	<i>brukaradferd</i>	
<i>trivsel og kollegiale forhold</i>	<b>Natur og miljø</b>	
	<i>naturkatastrofer</i>	
	<i>brann</i>	
	<i>foruresing</i>	
	<i>samferdselsårer</i>	
	<b>Teknologi</b>	
	<i>kritisk teknologi</i>	
	<i>infrastruktur i datasystem</i>	
	<i>teknologisk utvikling</i>	
	<i>IKT i forretningsprosesser med andre</i>	